



Kontaktutvalet for Reinheimen
Nasjonalparkforvaltaren

A

| |
|---|
| Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal Jordskifterett |
| 28 JUNI 2010 |
| 1436 |
| METAR: 053002009-0108 |
| SØR-GUDBRANDSDAL JORDSKIFTERETT |
| Sak. nr. 108/2009 Doknr. 19 |
| Lagt fram den / 20 |

Direktoratet for naturforvaltning

Vår ref
2609/857/12/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Trond Stensby

Dato
25.06.2010

Grensemerking i Reinheimen - avklaring av særlege forhold i Lesja

Da forslag til verneplan for Reinheimen ble utarbeidet, var det så vidt vi veit, meininga at grensa mot Lesjabygda i stor grad skulle følgje grensa mellom dei private, utskifta skogteigane og dei to heimrastsameiga som strekker seg innover snauffjellet. Denne sistnemnde grensa var kanskje noe ukjend for tilsette hjå fylkesmannen, men det ble nok oppgjeve at den låg omtrent på høgdekote 1000 moh. Det som dessverre skjedde var at grensa for nasjonalparken ble drege så langt ned i lia at på strekninga frå Møre og Romsdals grense til munningen av Lordalen, ble deler av 152 private skogteigar liggande i nasjonalparken. Aust for Lordalen gjelder tilsvarande for 5 eigedommar. For dei fleste av desse skogeigedommane dreier det seg om noen få daa med bjørkeskog, men for andre er det betydelig meir. (Sjå vedlegg 1 – 9. kart i målestokk 1:15000 (for å få fram eigedomsgrensene) med pålagt grense for Reinheimen NP.)

Lesja kommune tok opp denne saka med Olav Nord-Varhaug på eit møte på Bjorli i februar 2007, og han mente dette kunne det ryddes opp i ved endelig grenseoppgang og grensemerking.

Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal jordskifterett skal stå for grensemerkinga for verneområda i Reinheimen i Lesja, og dette skal gjennomførast hausten 2010. Av omsyn til ønskje om å ha klarlagd gjeldande forhold til fyrste rettsmøte ber vi derfor Direktoratet for naturforvaltning om å stadfeste at grensene skal fastsettast som gjort greie for ovanfor.

Med helsing

Trond Stensby
nasjonalparkforvaltar

Vedlegg

- 1 Vernegrense MR fylke til Kvernhuslø
- 2 Vernegrense Kvernhuslø til Brennhø
- 3 Vernegrense Brennhø til Pikutrandene
- 4 Vernegrense Pikutrandene til Raudberget
- 5 Vernegrense Raudberget til Kampen
- 6 Vernegrense Kampen til Valåe
- 7 Vernegrense Valåe til Breidranden
- 8 Vernegrense Breiranden til Skråkkdalen
- 9 Vernegrense Viggasetrene

Kopi til:

Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal jordskifterett
Lesja kommune

| | | | |
|--|--|---|------------------------------|
| Postadresse Lesja kommune 2665 Lesja E-post: postmottak@lesja.kommune.no | Besøksadresse Internett www.lesja.kommune.no | Telefon 61 24 41 00 Telefaks 61 24 41 04 | Bank 2081.19.00142 |
|--|--|---|------------------------------|